

14. Radio og TV

14.1. Nokre resultat

Data presenterte i dette kapitlet er norske radio- og fjernsynskanalar som fell inn under prinsippa for allmennkringkasting. Medietilsynet har gitt ulike kriterium for allmennkringkasting; kanalane skal blant anna kunne tas inn av heile befolkninga og sikre eit mangfaldig radio- og fjernsynstilbod, og allmennkringkastarane har blant anna forplikta seg til å ha eit tematisk og sjangermessig tilbod, kome interessa både til breie og smale grupper i møte, og bidra til å styrkje norsk språk, kultur og identitet. Sjå del 14.2. I Noreg var det fire riksdekkjande allmennkringkastarar i 2011: NRK, TV 2, Radio Norge og P4 Radio Hele Norge. TV 2 hadde ikkje allmennkringkastingsoppdrag i 2010, men er frå 1. januar 2011 igjen ein riksdekkjande allmennkringkastar.

Stabil sendeflate i radio

Dei radiokanalane i Noreg som baserer seg på prinsippa for allmennkringkasting, er bortimot riksdekkjande og sender nesten 24 timar i døgnet. I alle kanalane, bortsett frå NRK P3, har dei fleste programtypane hatt ei nokolunde stabil sendeflate dei siste tre åra.

Programtypen med størst del av sendetida i NRK P1 i 2011 var musikkprogram, med 29 prosent av sendetida. Underhaldningsprogramma hadde 25 prosent av sendetida, og regionale sendingar inkludert Såmi Radio hadde 15 prosent. For NRK P2 gjaldt det tilsvarande for musikk, 38 prosent, og for kunst/kultur/medium 22 prosent, og samfunnsspørsmål med 21 prosent av sendetida. NRK P3 har auka sendetida til underholdning med over 600 timar siste året. Underholdning utgjorde 30 prosent av sendetida. Sendetida til musikkprogram har derimot vorte redusert med nær 460 timar og utgjorde 54 prosent av sendetida i 2011. Sjå tabellane 14.1 og 14.2.


Radio Norge har rapportert programleveransar for 3 245 sendetimar, slik det går fram av allmennkringkastingsrekneskapa for 2011. Programtypen nyheiter og aktualitet hadde 28 prosent av dei rapporterte timane, mens programtypen kultur hadde 19 prosent, og barn og unge hadde 18 prosent av sendeflata. Sport og idrett hadde 11 prosent av sendeflata. P4 rapporterte 7 209 timar med program i 2011. Dei programtypane som har størst del av sendeflata, er program retta mot trafikantar, med 24 prosent av sendetida, ungdomsprogram med 11 prosent og dagleg breitt kulturmagasin med 10 prosent. Sjå tabellane 14.3 og 14.4.

Stabilitet i sendeskjema for TV-kanalane

Det er heller ikkje store endringar i sendetid per programtype frå 2010 til 2011 for NRK1 eller NRK2 (tabell 14.5). I 2011 hadde NRK1 nær 8 300 sendetimar. 1 200 timar, eller 15 prosent av sendetida, inneheldt drama, og 21 prosent inneheldt nyheiter. Dette er ein liten nedgang for drama og ein liten auke for nyheitene. Informasjonsprogramma dekte 18 prosent av sendetida i 2011.

I 2011 var 35 prosent av NRK2s 6 326 sendetimar informasjonsprogram, ein auke frå 25 prosent i 2010. 26 prosent var nyheiter i 2011, ein nedgang frå 38 prosent i 2010. NRK2 har om lag like mange timar med nyheiter som NRK1, men langt fleire timar med informasjon. NRK3 har ein annan profil, og i 2011 var det sendt musikk i 45 prosent av kanalens 3 713 timar. Dette er litt meir enn i 2010, men det er likevel langt fleire timar enn dei to NRK-kanalane til saman. 23 prosent av NRK3s sendetimar var dramaprogram i 2011. NRK Super, som berre sender barneprogram, var på lufta 4 600 timar i 2011. NRK har i tillegg til radio- og fjernsynssendingane også eit kontinuerleg oppdatert tilbod på nett.

Figur 14.1. NRK1, NRK2 og NRK3/NRKSUPER. Sendetid, etter programtype. 2008-2011. Prosent




¹ Alle program på NRKSUPER er nå kategoriserte som barneprogram. ² Medrekna naturprogram, religion/livsfilosofi, utdanning og vitenskap.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2011 og Norsk rikskringkasting AS.

Programflata for TV 2 er heller ikkje mykje endra frå 2010 til 2011 (tabell 14.6). Total sendetid gjekk ned med 33 timar frå 2010 og var på 7 023 timar i 2011. Drama hadde 37 prosent av total sendetid i 2011, litt mindre enn året før. Drama er dermed for femte året på rad den programtypen som har mest sendetid. Delen underholdningsprogram er, med 28 prosent, nokså uendra frå 2010 til 2011. Det

vart sendt litt over 600 timar med nyheiter i 2011, som tilsvarar 9 prosent av total sendetid. Dette var ein auke frå 2010. Tabell 14.6 er utarbeidd etter TV 2 si eiga fordeling på programflata (TV 2 AS).


Figur 14.2. TV 2. Sendetid, etter programtype. 2007-2011. Prosent



¹ Medrekna naturprogram og religion/livfilosofi.
Kjelde: TV 2 AS.

Målform NRK har eit spesielt krav på seg når det gjeld bruk av målformer i radio og TV-kanalane sine, da selskapet er offentleg eigd og lisensfinansiert (NRK). Kravet i NRKs vedtekter er at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. I 2011 var det berre NRKs radiokanal P1 og fjernsynskanalen NRK2 som oppnådde denne målsettinga. Skil ein mellom tala på bokmål, nynorsk og dialekt, var 34 prosent av radiosendingane og 19 prosent av fjernsynssendingane på dialekt i 2011. Dette er ein auke frå året før på høvesvis 1 og 3 prosentpoeng. Sjå figur 14.3 og tabell 14.7.

Figur 14.3. Prosentdel nynorsk i programtilbodet på NRKs TV- og radiokanalar. 2007-2011



Kjelde: Norsk Rikskringkasting AS.

Slik det går fram av Allmennkringkastingsrapporten 2011 er Radio Norge og P4 etter konsesjonsvilkåra pålagde å nytte begge dei offisielle norske målformene utan krav til fast nynorskdel, dessutan å arbeide for å få til ei brei samansetning av dialektar frå heile landet. I tillegg skal 30 prosent av verbalinnsлага i P4 ikkje vere på bokmål. I 2011 mangla det framleis noko på å innfri det siste kravet. Radio Norge har ikkje levert statistikk for målform i 2011 (Medietilsynet 2012).

Konsesjonar og fjernsynslisensar


Mykje har skjedd med lokalfjernsyna dei siste åra i overgangen til digitalfjernsyn. Les meir om dette i del 14.2. Ved utgangen av 2011 var det 87 gyldige lokalfjernsynskonsesjonar i det digitale bakkenettet for fjernsyn (DDT). 14 av desse 87 konsesjonane var i drift, sju fleire enn i 2010. Det var 253 konsesjonar for lokalradio i 2011. Sjå tabell 14.8.

Det var registrert om lag 1 969 000 lisensbetalarar per 31. desember 2011. Dette er 38 000, eller 2 prosent, fleire enn i 2010. Sidan 2005 har talet på lisensar auka med 181 000, eller 10 prosent. Sjå tabell 14.9.

81 prosent ser på fjernsyn, og 55 prosent hører på radio ein gjennomsnittsdag

Tal frå Norsk mediebarometer 2011 (Vaage 2012) syner at 81 prosent av befolkninga såg på fjernsyn, mens 55 prosent lytta til radio ein gjennomsnittsdag i 2011. Det er om lag same tala som i 2010, da var dei på høvesvis 82 og 56 prosent. I 2011 såg kvar nordmann i gjennomsnitt 157 minutt på fjernsyn og lytta 86 minutt på radio kvar dag. Dette er fem minutt meir enn året før for begge media. Ser ein tilbake til 2005, er det ikkje store endringar i fjernsynssjåing og radiolytting målt i minutt eller tal per dag.


Figur 14.4. Radiolytting blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent. 1997-2011



Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

Dei to klart største kanalane målt i sjåardel var NRK1 og TV 2, med høvesvis 45 og 40 prosent sjåarar i aldersgruppa 9-79 år ein gjennomsnittsdag i 2011. Det har likevel vore ein nedgang dei siste åra, da begge desse kanalane låg på jamt over 50 prosent frå 2000 til 2005. Dei to klart største radiokanalane målt i lyttardel var NRK P1 og P4, med høvesvis 24 og 15 prosent lyttarar ein gjennomsnittsdag i 2011. Radiokanalane har ikkje hatt like stor nedgang som fjernsynskanalane, sjølv om NRK P1 i 2011 hadde 24 prosent lyttarar ein gjennomsnittsdag, mot 29 prosent i 2004. Sjå figur 14.4, 14.5 og tabell 14.10.

Figur 14.5. Fjernsynssjåing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjøardelar i prosent. 1997-2011




Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

I 2011 var det slik at dei med høg utdanning hadde ein noko høgare lyttardel på radio ein gjennomsnittsdag enn dei med låg utdanning, men dei brukar likevel færre minutt til radiolytting. Når det gjeld fjernsyn, er det færre blant dei med høg utdanning som ser på fjernsyn, og dei ser færre minutt ein gjennomsnittsdag. Det er om lag like mange blant dei med låg hushaldsinntekt som hører på radio, som dei med høg inntekt, men det er likevel slik at dei med høg hushaldsinntekt hører på radio færre minutt på ein gjennomsnittsdag. Hushaldsinntekt verkar å ha lite å seie for om ein ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, men det er ganske klart at dess høgare inntekt, dess færre minutt med fjernsynssjåing.

I 2011 var det flest blant dei i den eldste aldersgruppa (67-79 år) som såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, 91 prosent. Dei andre aldersgruppene låg på rundt 89 og 74 prosent. Det var likevel klart at dess eldre ein er, dess meir ser ein på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, frå 114 minutt i den yngste aldersgruppa (9-15 år) til 221 minutt i den eldste aldersgruppa. Dei som tilhørte dei to yngste gruppene (9-15 år og 16-24 år), brukte minst tid på radio, høvesvis 15 og 65 minutt. Dei hadde òg færrest radiolyttarar ein gjennomsnittsdag, høvesvis 31 og 48 prosent.

Det har vore slik at menn ser meir på fjernsyn ein gjennomsnittsdag enn kvinner. I 2011 var det ikkje slik. Menn brukte 150 minutt, mens kvinner brukte 165 minutt på fjernsyn i snitt per dag. Det er like mange menn som kvinner som ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, for begge 81 prosent. Menn hørte mest på radio i 2011, 90 minutt på ein gjennomsnittsdag, mens kvinner hørte 82 minutt. Det var 57 prosent menn som hørte på radio ein gjennomsnittsdag, mot 52 prosent av kvinnene. Sjå figur 14.6 og tabellane 14.11 og 14.12.

Figur 14.6. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 2001-2011



Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

14.2. Om radio- og TV-statistikken

Tala som er presenterte i figurane og tabellane, er delvis henta frå aktørane sjølve eller frå Allmennkringkastingsrapporten 2011. I rapporten evaluerer Medietilsynet programtilbodet til dei ulike allmennkringkastarane. I talmaterialet som ligg føre, må ein leggje til grunn at dei ulike allmennkringkastarane har ei einsarta kategorisering av programområda frå år til år, slik at det er mogeleg å gjere samanlikningar over tid. Det er vanskeleg å samanlikne programtilbodet i dei ulike radiokanalane da dei ikkje rapporterer etter same klassifiseringsverktøy, og heller ikkje rapporterer om heile sendeflata.

Allmennkringkasting

Nokre av prinsippa for allmennkringkastingskanalane som Medietilsynet følgjer:

- Sendingane skal kunne takast inn av heile befolkninga.
- Sendingane skal innehalde ein variert programmeny med program for så vel breie som smale lyttar- og sjåargrupper, under dette barn og unge, den samiske befolkningsgruppa, etniske og andre minoritetar.
- Det skal vere daglege nyheitssendingar og solid, jamleg orientering om viktige samfunns- og kulturspørsmål, nasjonalt og internasjonalt.
- Allmennkringkastingsprogramma skal bidra til å styrkje norsk språk, identitet og kultur.
- Allmennkringkastingskanalane skal ha redaksjonell sjølvstende (Medietilsynet 2012).

Medietilsynet

Etter kringkastinglova 8 § 2-13 er Medietilsynet pålagt å utarbeide ein årleg allmennkringkastingsrapport: «*Medietilsynet skal utarbeide en årlig rapport om kringkasteres oppfyllelse av allmennkringkastingsforpliktelser. Medietilsynet kan ikke instrueres av Kongen eller departementet ved utarbeidelsen av slik allmennkringkastingsrapport.*» (Medietilsynet 2012). Medietilsynet har dermed som oppdrag å føre tilsyn med i kva for grad allmennkringkastarane oppfyller sine allmennkringkastingsplikter. Tilsynet baserer seg mellom anna på allmennkringkastingsrekneskapane til dei respektive aktørane.

Medietilsynet fører òg tilsyn med andre område innanfor kringkasting (reklame og sponning, vern av barn og unge, med meir) og er styresmakt når det gjeld konsesjonar og registreringar for lokalkringkasting og annan type kringkasting.

Medietilsynet fører i tillegg mellom anna tilsyn med marknads- og eigarforhold i dagspresse og kringkasting med heimel i medieeigarskapslova. Medietilsynet er også klageinstans for fjernsynslisenssaker.

Endring i konsesjonane

Dei analoge konsesjonane til lokalfjernsyn blei avslutta i 2009, same året som sløkking av analoge fjernsynsnett blei gjennomførte, og utrullinga av det digitale riksnettet for fjernsyn blei sluttført. Eit nytt regime for digitalt lokalfjernsyn var allereie etablert, og digitale lokalfjernsynskonsesjonar blei tildelte frå 2007. Til forskjell frå tidlegare ordning kan det gis fleire konsesjonar i kvart område, konsesjonærane har ikkje tilgang til eigne, lokale sendenett, det blir ikkje stilt krav til innhald, og det er ikkje lenger formidlingsplikt i kabelnett for digitalt lokalfjernsyn.

Noreg er framleis inndelt i 29 konsesjonsområde for allment bakkesendt lokalfjernsyn. Tidlegare var det sett av frekvensressursar til åtskilde analoge, lokale sendenett i alle områda. Talet på konsesjonar av denne typen var avgrensa til ein per område, som kvar var sikra retten til å sende i dei respektive lokale netta. Konsesjon omfatta plikt til å sende lokalt innhald, og det var formidlingsplikt i kabelnett for sendingane.

Norges Televisjon (NTV) har anleggskonsesjon for det digitale bakkenettet for fjernsyn. Som ein del av konsesjonsføresetnadene plikter NTV å tilby lokalfjernsyn kapasitet i det digitale nettet, som også skal vere innretta med lokale dekningsområde. Men nettet har avgrensa kapasitet til formidling av lokalfjernsyn. Ein del lokalfjernsynsaktørar har valt å sende berre i kabel- eller fibernett, eit alternativ som ikkje krev konsesjon frå Medietilsynet.

Mediebruksundersøkingane

Tala som omhandlar bruk av radio og fjernsyn, er henta frå Norsk mediebarometer 2011. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabellane 14.11 og 14.12. Sjå kapittel 11.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

Referansar

Medietilsynet (2012): *Allmenkringkastingsrapporten, kringkastingsåret 2011*. (<http://www.medietilsynet.no/no/Dokumenter/Rapporter/Allmennkringkastingsrapporter>)
 NRK - Norsk rikskringkasting AS: (<http://www.nrk.no/info>)
 TV 2 AS: (<http://www.tv2.no/omtv2>)
 Vaage, Odd Frank (2012): *Norsk mediebarometer 2011*, Statistiske analysar 128, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/medie>)

Meir informasjon

Medienorge: (<http://www.medienorge.uib.no>)
 Statistisk sentralbyrå (2012): *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127. (<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)
 Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapportar 2009/29, Statistisk sentralbyrå. (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929)

Tabell 14.1. NRK P1 og P2. Sendetid, etter programtype og radiokanal. 2009-2011

	2009				2010				2011			
	NRK P1 ¹		NRK P2 ²		NRK P1 ¹		NRK P2 ²		NRK P1 ¹		NRK P2 ²	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
I alt	8 760	100,0	6 572	100,0	8 762	100,0	6 569	100,0	8 762	100,0	7 665	100,0
Drama	-	-	242	3,7	69	0,8	203	3,1	85	1,0	197	2,6
Musikk	2 529	28,9	2 242	34,1	2 513	28,7	2 234	34,0	2 532	28,9	2 871	37,5
Kunst/kultur/medium	4	-	1 442	21,9	32	0,4	1 437	21,9	1	0,0	1 677	21,9
Underholdning	2 084	23,8	50	0,8	2 061	23,5	44	0,7	2 213	25,3	66	0,9
Heim/fritid/hobby	104	1,2	16	0,2	77	0,9	-	-	35	0,4	2	0,0
Vitskap	100	1,1	458	7,0	103	1,2	572	8,7	104	1,2	290	3,8
Religion/livsfilosofi	211	2,4	100	1,5	218	2,5	100	1,5	207	2,4	98	1,3
Samfunnsspørsmål	735	8,4	1 065	16,2	769	8,8	1 186	18,1	745	8,5	1 636	21,3
Nyheiter	906	10,3	754	11,5	870	9,9	570	8,7	856	9,8	587	7,7
Portrett	193	2,2	55	0,8	-	-	56	0,9	184	2,1	63	0,8
Barneprogram	136	1,6	-	-	180	2,1	-	-	172	2,0	-	-
Regionale sendingar inkl. Såmi Radio	1 424	16,3	135	2,1	1 384	15,8	128	1,9	1 334	15,2	123	1,6
Sport	259	3,0	12	0,2	271	3,1	8	0,1	282	3,2	-	-
Andre program	75	0,9	1	-	215	2,5	31	0,5	12	0,1	55	0,7

¹Talet på timar heile døgnet. ²Timar berre på dagtid.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2011.

Tabell 14.2. NRK P3. Sendetid¹, etter programtype. 2007-2011

	2007		2008		2009		2010		2011	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
I alt	6 571	100,0	8 782	100,0	8 771	100,0	8 760	100,0	8 761	100,0
Musikk	4 137	63,0	5 908	67,3	6 903	78,7	5 212	59,5	4 754	54,3
Kunst/kultur/medier	839	12,8	814	9,3	322	3,7	265	3,0	158	1,8
Av dette										
Popkultur	63	1,0	79	0,9	-	-	-	-	-	-
Om film	65	1,0	69	0,8	89	1,0	265	3,0	-	-
Musikkjournalistikk	711	10,8	666	7,6	233	2,7	-	-	-	-
Nyheiter	467	7,1	549	6,3	310	3,5	241	2,8	208	2,4
Underholdning	782	11,9	1 130	12,9	869	9,9	1 988	22,7	2 648	30,2
Humor	423	6,4	629	7,2	289	3,3	-	-	-	-
Aktualitet/samfunn	346	5,3	361	4,1	367	4,2	-	-	374	4,3
Sex og samliv	31	0,5	37	0,4	76	0,9	425	4,9	-	-
Sport	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-
Andre program	-	-	20	0,2	-	-	629	7,2	617	7,0

¹P3 går i samsending med P1 om natta.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2011.

Tabell 14.3. Radio Norge¹. Sendetid², etter programtype. 2007-2011

	2007		2008		2009		2010		2011	
	Sendetid	Prosent	Sendetid	Prosent	Sendetid	Prosent	Sendetid	Prosent	Sendetid	Prosent
Timar i alt	3 397	100,0	3 172	100,0	3 414	100,0	3 323	100,0	3 245	100,0
Nyheiter og aktualitet	969	28,5	815	25,7	940	27,5	900	27,1	912	28,1
Kultur	674	19,8	639	20,1	626	18,3	628	18,9	624	19,2
Barn og unge	682	20,1	669	21,1	678	19,9	624	18,8	577	17,8
Samisk	11	0,3	22	0,7	32	0,9	32	1,0	30	0,9
Livssyn	87	2,6	86	2,7	98	2,9	100	3,0	98	3,0
Fleirkulturelt	57	1,7	96	3,0	78	2,3	101	3,0	80	2,5
"Dei nye eldre"	56	1,6	92	2,9	104	3,0	102	3,1	91	2,8
Vitskap og teknologi	80	2,4	87	2,7	104	3,0	95	2,9	92	2,8
Forbrukarstoff	110	3,2	55	1,7	78	2,3	64	1,9	50	1,5
Sport og idrett	361	10,6	299	9,4	364	10,7	359	10,8	363	11,2
Musikk for smale grupper	310	9,1	312	9,8	312	9,1	318	9,6	328	10,1

¹Frå 21. april 2008 endra radiokanalen namn frå Kanal 24 til Radio Norge. ²Rapportert sendetid til Medietilsynet.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2011.

Tabell 14.4. P4. Sendetid¹, etter programtype. 2006-2011

	2006		2007		2008		2009		2010		2011	
	Sende- tid	Prosent	Sende- tid	Prosent	Sende- tid	Prosent	Sende- tid	Prosent	Sende- tid	Prosent	Sende- tid	Prosent
Timar i alt	5 463	100,0	7 236	100,0	7 392	100,0	7 483	100,0	7 416	100,0	7 209	100,0
Nyheitssendingar	441	8,1	424	5,9	427	5,8	446	6,0	418	5,6	425	5,9
Nyheiter på samisk	19	0,3	23	0,3	23	0,3	20	0,3	26	0,4	27	0,4
Distriksnyheiter	10	0,2	11	0,2	13	0,2	13	0,2	15	0,2	13	0,2
Sportsnyheiter	35	0,6	30	0,4	37	0,5	40	0,5	50	0,7	45	0,6
Program for nyheitsperspektiv, debatt og analyse, innanriks	254	4,6	327	4,5	358	4,8	379	5,1	421	5,7	435	6,0
Program for nyheitsperspektiv, debatt og analyse, utanriks	44	0,8	46	0,6	46	0,6	34	0,5	37	0,5	39	0,5
Daglege kultur- og nyheitssendingar	25	0,5	39	0,5	37	0,5	46	0,6	63	0,8	61	0,8
Dagleg breitt kulturmagasinet	443	8,1	1 252	17,3	1 231	16,7	1 189	15,9	1 137	15,3	727	10,1
Kulturinnslag (ikkje kulturnyheiter), i breie sendeflater	176	3,2	176	2,4	250	3,4	297	4,0	277	3,7	289	4,0
Program med smalt kulturfokus. Program for smale musikksjangrar	449	8,2	448	6,2	446	6,0	509	6,8	520	7,0	547	7,6
Barneprogram	200	3,7	254	3,5	260	3,5	235	3,1	236	3,2	230	3,2
Ungdomsprogram	746	13,7	880	12,2	949	12,8	639	8,5	651	8,8	761	10,6
Religion og livsfilosofi	82	1,5	112	1,5	138	1,9	254	3,4	² 121	1,6	118	1,6
Fleirkulturelle program	31	0,6	120	1,7	134	1,8	144	1,9	² 83	1,1	102	1,4
Program med sport og idrett	451	8,3	455	6,3	414	5,6	429	5,7	455	6,1	435	6,0
Program retta mot trafikantar ...	1 465	26,8	1 579	21,8	1 776	24,0	1 743	23,3	1 763	23,8	1 744	24,2
Program med smalt fokus, natur, vitenskap, medisin, helse ...	17	0,3	20	0,3	-	-	-	-	23	-	39	1
Natur, vitenskap, medisin, helse; innslag i breie program	12	0,2	22	0,3	22	0,3	24	0,3	² 74	1,0	120	1,7
Forbrukarstoff/innslag i breie program	23	0,4	27	0,4	29	0,4	34	0,5	² 35	0,5	36	0,5
Media, mediekritikk og -satire ...	0	0,0	30	0,4	96	1,3	281	3,8	269	3,6	282	3,9
Program tilpassa "eldre" radiolyttarar	211	3,9	136	1,9	47	0,6	198	2,6	199	2,7	205	2,8

¹ Rapportert sendetid til Medietilsynet. ² Retta i Kulturstatistikk 2010.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2011.

Tabell 14.5. NRK. Sendetid¹, etter fjernsynskanal og programtype. 2010-2011

	NRK 1		NRK 2		NRK 3		NRKSuper ²									
	2010		2011		2010		2011									
	Timar	Pro- sent	Timar	Pro- sent	Timar	Pro- sent	Timar	Pro- sent								
Riksprogram i alt	8 289	100,0	8 245	100,0	6 449	100,0	6 326	100,0	3 716	100,0	3 713	100,0	4 754	100,0	4 632	100,0
Av dette Interaktivt TV ³	
Barneprogram	110	1,3	83	1,0	-	-	-	-	-	-	-	-	4 754	100,0	4 632	100,0
Drama	1 432	17,3	1 199	14,5	499	7,7	728	11,5	978	26,3	845	22,8	-	-	-	-
Informasjonsprogram	1 502	18,1	1 481	18,0	1 613	25,0	2 229	35,2	596	16,0	631	17,0	-	-	-	-
Kunst/kultur/medium	547	6,6	427	5,2	500	7,8	474	7,5	22	0,6	22	0,6	-	-	-	-
Musikk	1 119	13,5	1 189	14,4	182	2,8	190	3,0	1 611	43,4	1 677	45,2	-	-	-	-
Naturprogram	170	2,1	245	3,0	162	2,5	117	1,8	49	1,3	40	1,1	-	-	-	-
Nyheiter	1 407	17,0	1 698	20,6	2 474	38,4	1 645	26,0	-	-	11	0,3	-	-	-	-
Religion/livsfilosofi	40	0,5	36	0,4	54	0,8	45	0,7	-	-	-	-	-	-	-	-
Sport	1 242	15,0	1 028	12,5	588	9,1	531	8,4	6	0,2	19	0,5	-	-	-	-
Underholdning	619	7,5	761	9,2	245	3,8	195	3,1	429	11,5	427	11,5	-	-	-	-
Undervisning	-	-	-	-	37	1	49	0,8	-	-	-	-	-	-	-	-
Vitenskap	101	1,2	73	0,9	95	1,5	107	1,7	16	0,4	37	1,0	-	-	-	-
Andre program	-	-	25	0,3	-	-	16	0,3	9	0,2	4	0,1	-	-	-	-

¹ Dei regionale sendingane er ikkje med i sendetida. ² Alle program på NRKSuper er nå kategorisert som barneprogram. ³ Timane er fordelte på ulike programkategoriar.

Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2011 og Norsk rikskringkasting AS.

Tabell 14.6. TV 2. Sendetid, etter programtype. 2007-2011

	2007		2008		2009		2010		2011	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Program i alt¹	6 020	100,0	6 341	100,0	7 233	100,0	7 056	100,0	7 023	100,0
Barneprogram	531	8,8	553	8,7	543	7,5	535	7,6	398	5,7
Drama	2 464	40,9	2 719	42,9	2 896	40,0	2 818	39,9	2 619	37,3
Informasjonsprogram	1 140	18,9	1 139	18,0	877	12,1	828	11,7	889	12,7
Kunst/kultur/medium	18	0,3	14	0,2	43	0,6	10	0,1	11	0,1
Musikk	10	0,2	5	0,1	5	0,1	5	0,1	43	0,6
Naturprogram	12	0,2	32	0,5	6	0,1	1	0,0	9	0,1
Nyheiter	555	9,2	480	7,6	422	5,8	416	5,9	602	8,6
Religion/livsfilosofi	34	0,6	24	0,4	28	0,4	15	0,2	16	0,2
Sport	469	7,8	557	8,8	456	6,3	523	7,4	506	7,2
Underholdning	773	12,8	818	12,9	1 957	27,1	1 905	27,0	1 931	27,5
Undervisning	14	0,2	-	0,0	-	-	-	-	-	-

¹ Eigenannonsering ikkje medrekna frå og med 2008.

Kjelde: TV 2 AS.

Tabell 14.7. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. 2003-2011. Prosent

	Radio				Fjernsyn			
	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt	I alt	Bokmål	Nynorsk	Dialekt
2003	100,0	61,5	8,3	30,2	100,0	76,6	13,0	10,4
2004 ¹	100,0	55,0	3,0	42,0	100,0	63,0	6,0	32,0
2005	100,0	55,7	4,0	41,7	100,0	74,0	7,0	23,0
2006	100,0	56,7	5,3	38,0	100,0	70,5	7,5	22,0
2007	100,0	61,0	4,0	35,0	100,0	69,0	7,0	24,0
2008	100,0	63,0	6,0	31,0	100,0	75,9	6,6	17,5
2009	100,0	56,2	4,4	39,4	100,0	71,9	9,1	19,0
2010	100,0	62,2	4,5	33,3	100,0	75,0	8,7	16,3
2011	100,0	60,2	5,4	34,4	100,0	69,1	11,9	19,0

¹ Ved overgangen til 2004 gjennomførte NRK følgjande praksis: Ein stilte strengare krav til kva som blei rekna som bokmål, og kva som reknast som nynorsk. Dersom det som skulle registrerast ikkje var tydeleg nok, blei det plassert i dialektkategorien.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

Tabell 14.8. Konesjon for drift av lokalfjernsyn og lokalradio, etter fylke. 1990-2011

Heile landet	Lokalfjernsyn allmenn	Lokalradio
1990	106	442
2000	26	274
2001	27	259
2002	26	272
2003	¹ 23	267
2004	25	256
2005	26	248
2006	26	248
2007	25	246
2008	25	² 241
2009	19	237
2010	³ 7	251
2011	⁴ 14	253
2011		
Østfold	1	10
Akershus	3	13
Oslo	1	23
Hedmark	-	9
Oppland	-	9
Buskerud	1	14
Vestfold	1	8
Telemark	1	11
Aust-Agder	-	8
Vest-Agder	1	11
Rogaland	2	20
Hordaland	1	29
Sogn og Fjordane	-	5
Møre og Romsdal	1	13
Sør-Trøndelag	-	15
Nord-Trøndelag	-	4
Nordland	-	25
Troms Romsa	-	11
Finnmark Finnmarku	1	15

¹ Landet er delt inn i 30 konesjonsområder for lokalfjernsyn og 141 konesjonsområder for lokalradio. ² Frå og med 2008 blir konesjonar i drift talde. ³ Tal kan ikkje samanliknas med tidlegare år på grunn av endringar i konesjonar, sjå del 14.2. Det var 88 gyldige lokalfjernsynskonesjonar i 2010, men berre sju var i drift. Ein av konesjonane dekte to fylke. ⁴ Konesjonsområde i det digitale bakkenettet for fjernsyn samsvarar ikkje alltid med fylkesgrenser. Ved utgangen av 2011 var det 87 gyldige lokalfjernsynskonesjonar i det digitale bakkenettet for fjernsyn (DTT). Det var 14 av 87 konesjonar for lokalfjernsyn som var i drift ved utgangen av 2011.

Kjelde: Medietilsynet.

Tabell 14.9. Registrerte fjernsynslisensar, etter fylke. 31. desember. 2001-2011

	2001	2003	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Heile landet	1 740 811	1 758 619	1 787 374	1 807 951	1 851 969	1 882 349	1 905 526	1 930 758	1 968 589
Østfold	101 449	103 032	104 665	106 041	108 580	110 010	110 402	111 874	114 182
Akershus	177 444	181 945	185 853	189 293	193 520	197 678	201 141	204 923	209 759
Oslo	206 426	206 316	212 499	218 534	226 352	230 361	234 371	238 232	243 445
Hedmark	76 052	76 484	76 736	76 904	78 823	79 848	80 449	80 925	81 775
Oppland	72 749	72 235	73 415	72 922	73 906	75 054	75 327	75 642	76 854
Buskerud	92 818	94 367	96 308	97 964	100 233	101 216	102 313	103 741	105 560
Vestfold	83 911	86 552	87 706	88 396	89 939	91 693	92 186	93 549	95 442
Telemark	65 231	66 692	67 441	67 775	68 961	69 804	70 509	71 254	72 428
Aust-Agder	37 660	38 801	38 654	39 048	40 082	40 981	41 827	42 450	43 284
Vest-Agder	59 034	59 256	60 597	61 229	62 861	63 713	65 035	65 925	67 358
Rogaland	136 150	140 486	144 218	148 907	153 731	157 810	160 079	162 453	167 174
Hordaland	166 311	168 640	170 882	171 003	177 284	180 280	182 948	186 371	189 111
Sogn og Fjordane	39 111	38 873	39 092	38 904	39 438	39 970	40 003	40 328	41 174
Møre og Romsdal	93 212	92 855	93 569	93 732	95 542	97 093	97 685	98 289	100 172
Sør-Trøndelag	105 578	106 517	108 251	108 827	110 438	111 715	113 372	114 278	116 414
Nord-Trøndelag	47 919	48 377	48 435	48 791	49 874	50 318	50 866	51 363	52 341
Nordland	91 245	90 192	90 550	90 734	92 039	93 239	93 997	95 311	97 051
Troms Romsa	56 598	56 430	56 640	57 138	58 115	59 462	60 745	60 893	61 478
Finnmark Finnmarku	25 759	25 523	25 897	25 721	26 295	26 182	26 375	27 046	27 589
Svalbard	343	337	332	342	359	368	370	372	395
Frilisensar	5 811	5 709	5 634	5 747	5 597	5 554	5 526	5 539	5 602

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

Tabell 14.10. Lyttar- og sjåardelar for ulike radio- og fjernsynskanalar. 1994-2011. Prosent

	1994	1996	1998	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Radio															
NRK P1	31	27	29	27	28	26	28	29	26	24	25	26	23	23	24
NRK P2	7	5	5	4	5	5	5	4	4	4	3	5	4	4	6
NRK P3	11	10	8	8	7	6	7	5	5	6	5	7	6	7	7
Radio P4	18	21	19	19	18	21	19	16	17	17	16	13	17	18	15
Radio Norge	6	5	5	5	3	8	8	8
Lokalradio	13	13	12	11	12	14	12	11	9	10	11	8	7	8	6
Andre kanalar	1	1	1	2	2	3	2	2	3	3	3	6	3	4	5
Fjernsyn															
NRK1	58	55	53	50	54	52	51	53	51	47	47	44	43	44	45
NRK2	10	8	9	7	7	11	8	8	5	5	5	6	7	7
NRK3 Super	21	2	4	5	6
TV2 AS	42	50	50	51	53	56	51	52	50	51	49	44	41	40	40
TV2 nyhetskanalen	2	3	3	3	3
TVNorge	12	13	16	15	20	18	21	18	19	18	19	16	13	13	14
TV3	7	12	12	14	14	13	12	14	13	11	12	11	11	12	11
Svensk TV ³	3	2	2	1	1	2	1	1	1	1	1	1	1
Lokal TV ⁴	1	1	1	1	1	1	1	1	0	1	1	0	1
TV 2 Zebra	2	2
TVN Fem	2	1
Viasat 4	6	4
Andre kanalar	7	7	9	10	12	12	10	12	13	15	17	22	23	18	20

¹ Gjeld frå september 1996. ² Gjeld frå september 2007. ³ SVT1 og SVT2. ⁴ Inkluderer lokal-TV som har fått konsesjon frå Medietilsynet, t.d. TV Follo AS og lokale sendingar på TVNorge.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.11. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og hushaldsinntekt. 2003-2011

	Radio										Fjernsyn									
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011		
Minutt totalt	91	80	84	83	80	80	82	81	86	141	142	147	148	155	145	148	152	157		
Kjønn																				
Menn	93	81	83	85	84	91	79	85	90	145	147	149	149	161	151	151	152	150		
Kvinner	89	80	85	80	76	69	86	78	82	137	137	146	147	149	140	145	151	165		
Alder																				
9-15 år	24	20	17	17	13	12	10	16	15	141	123	132	123	126	126	115	105	114		
16-24 "	66	70	65	64	53	50	49	55	65	144	132	134	152	144	136	128	133	135		
25-44 "	101	82	83	84	81	72	85	83	82	131	133	141	142	141	133	143	143	142		
45-66 "	111	100	106	107	109	112	113	110	109	137	145	156	146	168	154	155	165	170		
67-79 "	103	99	126	104	101	125	106	97	121	177	193	180	188	204	190	201	206	221		
Utdanning																				
Ungdomsskole	107	82	97	97	98	90	84	73	84	153	153	173	178	181	177	171	173	178		
Vidaregåande skole	111	102	102	102	99	104	106	102	114	149	159	154	162	167	164	164	174	177		
Universitet/høgskole, kort .	91	78	76	76	69	73	86	84	72	118	126	145	134	153	122	138	144	152		
Universitet/høgskole, lang.	73	54	73	73	71	73	69	77	80	118	102	114	112	110	110	121	121	126		
Hushaldsinntekt																				
1. kvartil	104	85	103	88	94	92	89	84	106	158	167	165	180	184	168	172	170	178		
2. kvartil	93	79	89	93	82	84	94	95	87	143	163	158	162	166	154	162	165	171		
3. kvartil	87	85	83	88	84	84	86	86	90	142	124	151	139	147	137	154	161	161		
4. kvartil	89	78	80	74	68	70	71	68	80	126	124	127	123	132	124	120	118	126		
Yrkesstatus (16-79 år)¹																				
Yrkesgruppe 1-2	79	75	73	72	77	75	73	85	85	102	113	132	116	125	117	125	130	131		
Yrkesgruppe 3	91	73	96	74	74	74	92	80	64	134	126	129	140	140	116	141	141	150		
Yrkesgruppe 4-5	93	94	85	83	89	85	82	72	96	145	135	141	153	150	154	150	149	160		
Yrkesgruppe 6-9	147	123	134	162	131	134	140	140	131	133	145	146	154	153	149	159	160	153		
Elevar/studentar	38	38	37	42	38	29	27	28	39	130	124	125	136	126	140	100	122	137		
Trygd/pensjonistar	116	99	126	109	103	121	114	110	126	186	191	197	191	211	194	207	209	224		
Heimearbeidande	98	97	97	75	:	:	:	109	63	130	168	177	180	:	:	:	217	141		
Landsdel																				
Oslo/Akershus	99	76	75	62	73	77	66	79	70	121	135	144	143	143	137	140	149	146		
Austlandet elles	85	88	90	95	92	90	88	79	94	141	147	149	164	166	142	163	156	170		
Agder og Rogaland	79	80	68	94	80	72	83	80	88	134	134	158	142	150	147	129	142	144		
Vestlandet	89	75	93	76	84	65	91	71	83	152	140	135	138	157	141	146	149	157		
Trøndelag	118	96	83	88	61	93	82	100	107	163	157	140	153	156	161	153	168	163		
Nord-Noreg	87	68	96	90	77	86	86	96	89	152	147	164	141	158	164	152	153	163		

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 14.12. Personar som hører på radio og ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. 2003-2011. Prosent

	Radio										Fjernsyn									
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011		
Minutt totalt	58	58	55	54	53	54	53	56	55	84	83	85	83	82	80	80	82	81		
Kjønn																				
Menn	58	57	54	55	55	56	52	56	57	84	82	85	83	83	81	80	83	81		
Kvinner	57	58	56	53	52	52	54	55	52	83	83	84	82	81	80	81	81	81		
Alder																				
9-15 år	37	31	30	26	27	27	22	33	31	93	86	91	90	87	88	86	82	89		
16-24 "	52	47	46	45	41	38	45	46	48	80	82	78	81	81	77	75	79	74		
25-44 "	59	60	57	60	58	56	58	59	57	81	79	82	81	77	76	78	80	76		
45-66 "	67	68	63	61	64	66	63	65	59	82	84	87	81	84	82	81	84	83		
67-79 "	60	64	64	54	53	60	52	55	64	92	86	89	86	88	85	86	90	91		
Utdanning																				
Ungdomsskole	58	54	51	52	52	48	46	46	50	84	78	83	85	84	80	81	86	82		
Vidaregåande skole	59	60	59	56	58	58	57	59	56	83	85	85	80	82	80	80	85	82		
Universitet/høgskole, kort	64	65	60	59	54	62	62	61	60	77	81	83	82	80	79	79	79	80		
Universitet/høgskole, lang	64	68	62	64	66	63	62	64	65	82	79	84	83	78	77	76	75	77		
Hushaldsinntekt																				
1. kvartil	58	56	53	45	50	53	49	49	53	84	86	83	81	78	80	79	82	76		
2. kvartil	59	53	55	55	52	57	54	60	55	81	83	84	83	85	83	81	83	81		
3. kvartil	58	56	57	58	57	56	54	60	56	87	81	87	86	85	81	81	86	85		
4. kvartil	62	65	63	60	58	60	58	59	60	84	84	87	84	81	83	82	80	83		
Yrkesstatus (16-79 år)¹																				
Yrkesgruppe 1-2	66	68	64	64	64	64	64	67	63	80	78	85	83	80	79	74	78	81		
Yrkesgruppe 3	63	66	65	60	60	62	66	62	55	84	83	80	82	83	77	84	81	76		
Yrkesgruppe 4-5	58	64	54	53	57	51	53	55	58	82	79	84	80	77	83	80	82	81		
Yrkesgruppe 6-9	61	58	61	65	65	60	60	64	57	79	82	82	80	80	75	78	85	79		
Elevar/studentar	47	44	39	42	37	41	42	45	50	73	84	79	78	77	77	73	79	75		
Trygd/pensjonistar	62	60	62	55	52	60	53	53	61	91	87	89	86	87	84	87	88	90		
Heimearbeidande	56	52	52	42	:	:	:	54	32	87	88	97	77	:	:	:	90	61		
Landsdel																				
Oslo/Akershus	64	60	55	51	54	55	50	55	51	78	80	84	81	80	78	78	80	76		
Austlandet elles	55	59	54	57	56	57	51	57	54	85	84	85	83	83	79	80	86	83		
Agder og Rogaland	54	58	54	58	56	50	59	58	54	88	81	86	83	82	82	77	80	82		
Vestlandet	59	53	57	50	50	49	55	53	56	86	85	83	81	82	78	82	82	84		
Trøndelag	61	57	57	55	51	57	55	59	58	84	86	82	85	84	87	85	84	82		
Nord-Noreg	54	57	51	50	50	52	50	51	58	83	81	88	83	83	82	83	83	83		

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2011, Statistisk sentralbyrå.